




HJELMELAND  
KOMMUNE

# LANGSIKTIG UTVIKLINGSPLAN FOR HJELMELANDSSKULEN 2019-2022



Siste versjon 23.08.19



# INNHALD

<b>1. INNLEIING</b> .....	3
<b>2. VISJON FOR HJELMELANDSSKULEN</b> .....	4
<b>3. PRINSIPP FOR HJELMELANDSSKULEN</b> .....	5
<b>3.1 God klasseleiing</b> .....	5
<b>3.2 Vurdering for læring</b> .....	6
<b>3.3 Utvikling av sosial kompetanse i eit inkluderande læringsmiljø</b> .....	6
<b>3.4 Mangfald</b> .....	6
<b>3.5 Samarbeid heim-skule</b> .....	6
<b>4. SATSINGSOMRÅDE 2019-2022</b> .....	7
<b>4.1 Grunnleggjande ferdigheiter med særleg fokus på lesing og skriving</b> .....	7
<b>4.2 Digital kompetanse og dømmekraft</b> .....	8
<b>4.3 Oversikt over prioriterte satsingsområde fordelt i planperioden</b> .....	9
<b>5. RESULTATMÅLSETTINGAR</b> .....	9

# 1. INNLEIING

Langsiktig utviklingsplan er ein felles overordna plan for *Hjelmelandsskulen*, som innbefattar alle grunnskulane i Hjelmeland kommune. Planen omhandlar prioriterte kommunale satsingsområde for utviklingsarbeid på skulane i perioden 2019-2022.

Planen er forankra i sentrale styringsdokument som opplæringslova, læreplanverket og stortingsmeldingar. Den er og forankra i nasjonale, regionale og lokale strategiar og planar.

Utdanningsregion Midt-Rogaland<sup>1</sup> har sett seg følgjande mål for grunnopplæringa:

Utdanningsregion Midt- Rogaland skal bygge kapasitet på alle nivå for å oppfylle sektormålene for elevene i våre skoler:

Elevene skal ha et godt og inkluderende læringsmiljø.  
Elevene skal mestre grunnleggende ferdigheter og ha god faglig kompetanse.  
Flere elever og læringer skal gjennomføre videregående opplæring.


«Regionale og lokale prioriteringar og mål skal byggje opp under desse overordna måla.»  
(jf. «Plan for partnerskapet i Utdanningsregion Midt-Rogaland», 2018, s. 4)

Hjelmelandsskulen er i planperioden ein del av *oppfølgingsordninga* omtalt i Meld.St. 21 (2016-17). Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet valde ut nokre indikatorar frå nasjonale prøver og elevundersøkinga, og vurderte kommunane i landet ut i frå skåra på desse over tre skuleår (2013/14, 14/15 og 15/16). Hjelmeland kommune var ein av dei kommunane som kom under grensa på fleire av desse indikatorane, og får ekstra oppfølging og rettleiing som følgje av det. Dei indikatorane Hjelmelandsskulen har skåra lågt på i to av tre år er:

- grunnskulepoeng
- nasjonale prøver i lesing
- støtte frå lærar, motivasjon og mobbing (elevundersøkinga)

Oppfølgingsordninga og dei utvalde indeksane, vert ein del av bakgrunnsbilette for prioriterte satsingsområde og tiltak i Hjelmelandsskulen i planperioden.

Oppbygging av utviklingsplanar for skulane i Hjelmeland kommune:



Det vert stilt forventningar til skuleleiinga si rolle når det gjeld kvalitetsvurdering og skuleutvikling. Rektor og skulane si øvrige leining har som hovudoppgåve å leggja tilhøva best mogleg til rette, slik at elevane får eit maksimalt utbytte av skulegangen. Utviklingsplanen skal ivareta heilskap og samanheng i lærings- og utviklingsarbeidet for elevane. Målet er å auka fagleg og sosial læring både i høve til enkeltindividet og fellesskapet.

<sup>1</sup> Hjelmeland kommune er ein del av Utdanningsregion Midt-Rogaland i desentralisert kompetanseordning.

## 2. VISJON FOR HJELMELANDSSKULEN

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa regulerer all opplæring i offentlege skular. Formålet med opplæringa (§1-1) i opplæringslova er følgjande:

### LOV OM GRUNNSKOLEN OG DEN VIDAREGÅANDE OPPLÆRINGA

#### § 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapet til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon. Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Hjelmelandsskulen sin felles visjon tar opp i seg ei rekkje av dei momenta som samla utgjer formålsparagrafen i opplæringslova.

Hjelmelandsskulen sin felles visjon:  
«**Gjera kvarandre gode**»

Eit godt skulemiljø må ligge til grunn for all læring av faglege ferdigheiter. Skulekultur, skuleleiing, relasjonsbasert klasseleiing, elev-elev-relasjonar og foreldresamarbeid er viktige faktorar for at skulane skal kunne lukkast med å utvikle motiverte elevar som får utnytta sitt faglege og sosiale potensiale.  
**Me skal gjera kvarandre gode!**



### 3. PRINSIPP FOR HJELMELANDSSKULEN

Læreplanverket for Kunnskapsløftet slår fast at fellesskulen skal byggja på og ivareta mangfaldet i elevane si bakgrunn og føresetnadar. Opplæringa skal fremja elevane si allsidige utvikling og deira kunnskapar og ferdigheiter.

I kapittelet «prinsipp for opplæringa» står det at skulen skal ha ambisjonar på elevane sine vegne, gje dei utfordringar og mål å strekkje seg etter. Samstundes skal skulen ta hensyn til at elevane har ulike føresetnadar og progresjon, slik at alle kan oppleve gleda ved å mestre og å nå sine mål.

Læringsplakaten inneheld 11 grunnleggjande forpliktingar som gjeld for alle skulane. Kvart av punkta er forankra i lov, forskrift og læreplanverket sin generelle del.

#### LÆRINGSPLAKATEN

Skolen skal:

- gi alle elever like muligheter til å utvikle sine evner og talenter individuelt og i samarbeid med andre
- stimulere elevenes lærelyst, utholdenhet og nysgjerrighet
- stimulere elevene til å utvikle egne læringsstrategier og evne til kritisk tenkning
- stimulere elevene i deres personlige utvikling og identitet, i det å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståelse og demokratisk deltakelse
- legge til rette for elevmedvirkning og for at elevene kan foreta bevisste verdivalg og valg av utdanning og fremtidig arbeid
- fremme tilpasset opplæring og varierte arbeidsmåter
- stimulere, bruke og videreutvikle den enkelte lærers kompetanse
- bidra til at lærere fremstår som tydelige ledere og som forbilder for barn og unge
- sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremmer helse, trivsel og læring
- legge til rette for samarbeid med hjemmet og sikre foreldres/foresattes medansvar i skolen
- legge til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringen på en meningsfylt måte

Alle skulane er forplikta til å arbeida etter gjeldande læreplanverk, lovverk og forskrift.

Følgjande prinsipp vert likevel løfta fram og skal liggja til grunn for alt arbeid i Hjelmelandsskulen:

- God klasseleiing
- Vurdering for læring
- Utvikling av sosial kompetanse i eit inkluderande læringsmiljø
- Mangfald
- Samarbeid heim-skule

#### 3.1 God klasseleiing

Klasseleiing handlar om å skape eit positivt klima, etablere arbeidsro og motivere elevane til innsats. I tillegg er læraren si evne til å etablere gode relasjonar til elevane, gjennom å gje emosjonell støtte, læringsstøtte og vise interesse for den einskilde elev avgjerande for å lukkast i arbeidet.

Dei tilsette i Hjelmelandsskulen skal ha eit autoritativt perspektiv på klasseleiing, og ha kunnskap om følgjande forhold:

- Kommunikasjon i klasserommet
- Forholdet mellom grensesetting og relasjon
- Handtering av ulike typer åtfærd

### 3.2 Vurdering for læring

Vurdering for læring handlar om skulane sin lærings- og vurderingskultur. Ein kan forstå det som ein måte å tenkje og handle på, som heile tida har elevane sitt læringsutbytte som mål.

Dei tilsette i Hjelmelandsskulen skal ha god praksis kring vurdering for læring, slik at:

- Elevane forstår kva dei skal læra og kva som vert forventa av dei
- Elevane får tilbakemelding som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonar
- Elevane får råd om korleis dei kan forbetra seg
- Elevane er involverte i eige læringsarbeid, ved mellom anna å vurdere sitt eige arbeid og eigen faglege utvikling.

### 3.3 Utvikling av sosial kompetanse i eit inkluderande læringsmiljø

Skulen skal bidra til at elevane utviklar seg sosialt og personleg. På skulen skal elevane utvikla sosial kompetanse, med ferdigheiter som sjølvhevding, sjølvkontroll, ansvar og empati for andre. Når elevane går ut av Hjelmelandsskulen skal dei kunna nytta sine sosiale ferdigheiter i positiv samhandling med andre i lokalmiljøet og i samfunnet regionalt og globalt.

Teikn på god praksis som er forventa i Hjelmelandsskulen:

- Skulemiljøet er prega av samarbeid, forståing for kvarandre, «det å bety noko for kvarandre» og «stå opp for kvarandre»
- Skulen arbeidar systematisk med sosial kompetanse på alle trinn
- Skulen har godt system for oppfølging
- Elevane vert lært opp til å delta i skulen sine utval
- Elevane vert oppmuntra til å delta i samfunnsdebatten
- Skulen utviklar ein kultur for å inkludera alle. Fokus på trivsel for alle.
- Dei vaksne og elevane har gjensidig respekt for kvarandre og er rause med kvarandre
- Dei vaksne grip raskt inn og iverksett tiltak dersom dei oppdagar at nokon ikkje har det bra
- Lærarane er autoritative klasseleiarar

### 3.4 Mangfald

Mangfald og fleirspråklegheit er ein ressurs, og språkleg og kulturelt mangfald må verte sett på som ein naturleg og positiv del av skulekvardagen. Det er eit mål at alle skal føle seg sett, inkludert og verdsatt. Kompetanse for mangfald inneber og ein kompetanse blant lærarane knytt til systematisk arbeid med elevane si språkopplæring og språkutvikling.

### 3.5 Samarbeid heim-skule

Eit nært og forpliktande samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å realisere dei felles oppgåvene lærarane og foreldra har. Foreldre som støtter barna på ein god måte i heimen, og som samstundes samarbeidar godt med skulen og møter lærarar som har gode samarbeidsferdigheiter, gir sine barn eit godt grunnlag for å lukkast både fagleg og sosialt i skulen.

## 4. SATSINGSOMRÅDE 2019-2022

I Hjelmelandsskulen vil ein i perioden 2019-2022 arbeida spesielt med følgjande satsingsområde:

- **Grunnleggjande ferdigheiter med særleg fokus på lesing og skriving**
- **Digital kompetanse og dømmekraft**

Det vil parallelt vere fokus på **implementering av ny læreplan**.

### 4.1 Grunnleggjande ferdigheiter med særleg fokus på lesing og skriving

Lesekompetanse inneber at elevane kan forstå, nytta, reflektera over og engasjera seg i skrivne tekstar, for å kunna nå sine mål, utvikla sine kunnskapar og evner, og delta i samfunnet (OECD-2009)

Skriving er eit reiskap for *kunnskapsutvikling*, samstundes som skriving er eit reiskap for å *synleggjera kunnskap* i dei ulike faga. Dette inneber at alle lærarar har ansvar for skriveopplæringa i sine fag. Utvikling av elevane si skrivekompetanse er ein kontinuerleg prosess som pågår gjennom heile skulelaupet.

#### Mål

Alle elevar i Hjelmelandsskulen skal verta betre til å lesa og skriva. Ein skal løfta elevane slik at det vert færre elevar på lågaste nivå.

#### Teikn på god praksis

- Skulen har ein plan for lese- og skriveopplæringa
- Leiinga på skulen syter for at resultat på lesekartleggingar og nasjonale lese- og skriveprøver vert følgde opp med naudsynte tiltak på system-, trinn- og elevnivå
- Lærarane nyttar resultat frå lesekartleggingar og nasjonale prøver til å gi konkrete tilbakemeldingar til kvar enkelt elev
- Det vert nytta varierte undervisnings- og arbeidsmetodar som inkluderar digitale verktøy
- Lærarane integrerer arbeid med lese- og skrivestrategiar i den ordinære undervisninga i faga
- Lærarane nyttar undervegsvurdering til å gi tilpassa opplæring innafor lesing og skriving til alle elevane
- Det vert jobbba med omgrepsinnlæring i alle fag på alle trinn
- Eleven kan vurdere eigen innsats og resultat
- Lærarane er i jamleg dialog med føresette om korleis dei kan støtta opp om lese- og skriveutviklinga til sitt barn

#### Verktøy for vurdering av måloppnåing

- Nasjonale kartleggingsprøver på 1.-4. trinn
- Nasjonale prøver i lesing på 5.,8. og 9. trinn
- Resultat på ulike kartleggingar i bestemte klassetrinn, jf. skulen sine kartleggingsrutinar
- Grunnskulepoeng og eksamensresultat
- Elevundersøkinga, indeksane *Lesing* og *Skriving*
- Skulen si eigenvurdering, vurderingar gjort av tilsette på skulen

## 4.2 Digital kompetanse og dømmekraft

Skuleåra 2019-20 og 2020-21 vil pedagogisk bruk av IKT i opplæringa knytt opp mot ny læreplan vera ei hovudsatsing for Hjelmelandsskulen. Då skal kommunen ha fått nye digitale verktøy (læringsbrett/iPad) til alle elevane, og det er eit mål at dei tilsette i skulen skal få god opplæring i bruk av læringsbrettet før dei skal nytta den i undervisninga.

*Digital kompetanse er ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som alle treng for å kunne bruka digitale medium for læring og meistring i kunnskapssamfunnet (ITU, 2006).* Digital kompetanse er ein av fem grunnleggjande ferdigheiter i skulen. På same måte som lesing, skriving og rekning, skal bruk av digitale verktøy vera eit integrert og kvardagsleg hjelpemiddel og verktøy i skulen. Digitale verktøy skal nyttast i alle fag.

Elevane må og utvikla digital dømmekraft. Digital dømmekraft er eit grunnleggjande element i digitale ferdigheiter, og handlar om å gjere elevane til ansvarlege og trygge nettbrukarar. Det inneber kompetanse om nettvett, kjeldekritikk, digital mobbing og medviten bruk av sosiale medium.

### Mål

- Elevane skal tilegna seg gode, grunnleggjande digitale ferdigheiter og digital dømmekraft.
- Elevane skal verte i stand til å setje seg inn i stadig nye digitale løysingar.
- God digital kompetanse hjå lærarane.
- Betre tilpassa opplæring gjennom bruk av digitale verktøy.
- Auka motivasjon og elevinvolvering ved bruk av læringsbrett som pedagogisk verktøy.
- Auka grunnleggjande ferdigheiter og auka læringsutbyte hjå elevane.

### Teikn på god praksis

- Elevane får systematisk og målretta opplæring i digitale ferdigheiter – tilpassa alderssteget.
- Elevane veit kva digital dømmekraft inneber, og får utvikla sin digitale dømmekraft.
- Elevane nyttar digitale verktøy i læringsarbeidet for å nå kompetansemåla.
- Bruk av digitale verktøy som bidreg til meir varierte arbeidsformer, utviklar gode læringsstrategiar hjå elevane, skapar motivasjon og aukar læringsutbyttet deira.

### Verktøy for vurdering av måloppnåing

- Elevundersøkinga (m.a. indeksane vurdering for læring, læringskultur, meistring og motivasjon, samt tilleggsmodul om digitale ferdigheiter).
- Nasjonal kartleggingsprøve i digitale ferdigheiter på 4. trinn.  
Dei andre nasjonale kartleggingsprøvene er og aktuelle i vurdering av måloppnåing her.
- Nasjonale prøver på 5, 8. og 9. trinn (Læringsutbyte)
- Oppfølging av einskildelevar eller grupper
- Skulen si eigenvurdering og erfaringsdeling
- IKT-plan ([www.iktplan.no](http://www.iktplan.no))



### 4.3 Oversikt over prioriterte satsingsområde fordelt i planperioden

Periode	Prioritert satsingsområde	Samarbeid med fagmiljø
2018/19	<ul style="list-style-type: none"><li>• Grunnleggjande ferdigheiter med særleg fokus på lesing og skriving</li><li>• Implementering av ny læreplan: Fokus på overordna del</li></ul>	Desentralisert kompetanseordning
2019/20	<ul style="list-style-type: none"><li>• Digital kompetanse og dømmekraft (læringsbrett 1:1)</li><li>• Implementering av ny læreplan: Fagfornyninga</li></ul>	Rikt Desentralisert kompetanseordning
2020/21	<ul style="list-style-type: none"><li>• Digital kompetanse og dømmekraft</li><li>• Implementering av ny læreplan</li></ul>	UiS (Desentralisert kompetanseordning)
2021/22	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vidareføring av satsingsområda i planperioden</li></ul>	

## 5. RESULTATMÅLSETTINGAR

Hensikta med ein utviklingsplan er at skulane over tid skal vidareutvikle sin kompetanse og betre sine resultat innanfor dei prioriterte satsingsområda.

Hovudmål: «Auka læringsutbyte for elevane.»

Konkrete resultatmål og tiltak vil ein setje årleg, og vil inngå i ein årleg utviklingsplan for skulane. Det vil verte vald ut nokre resultatmål ein særleg vil ha fokus på ut i frå prioriterte satsingsområde.

